



Johannes G. Eide og kona Aud viser fram Halsnøybåten i Brest, ein båt frå tida 100-300 e.Kr, eldre enn vikingskipa.



Store seglskip, mindre båtar, salsbuer på rekke og rad. I bakgrunnen ruvar marinemuseet i Brest.



Beundra båtbyggjarane i Brest



Gamle folk blei som ungar, ungane er det. Ivrige og engasjerte gjev dei seg i kast med å byggja båt i Brest. Rettleia av fire sunnhordlendingar.

- DET HAR VORE EIT EVENTYR.

Heilt utruleg. Den interessa me blir møtt med her har me aldri opplevd maken til. Folk her er genuint kulturinteresserte, seier kvartetten Johanne Øvstebø Tvedten, Helen Petersen, Bjørn Arve Lunde og Brynjær Stautland.

Dei fire er på den største veterabåtsamlinga i verda, i franske Brest. Som eit OL å rekna for båtentusiastar frå heile verda, skipa til kvart fjerde år, og med godt over ein million besökjande. Prisen for eit dagskort er 13 euro, drøye hundrelappen, utan at det heftar.

Opp i mylderet av utstillarar med fargerike og fantasifulle stands, med heilt tradisjonelle salsbuer og eit vandrande folkehav ei snau veke til endes, skil gjengen frå Sunnhordland seg ut.

- Dette er einaste standen på heile det gigantiske messeområdet som inviterer folk med til eigeninnsats, seier Ottar Tvedten. Reisefølgje på turen, og med tid til å skaffa seg overblikk over det som skjer der dei fire på jobb

vekslar om å engasjera folk. I alle aldrar.

- Me skal byggja oss ein båt, kom og bli med, forkynner Bjørn Arve Lunde. «I will hammer, I will drill and I will shape - I am building me a boat, I make no haste». Banjo, gitar og tromme trekkjer folk, songen rungar på denne delen av den norske stan- den, og folk stimlar saman.

Bjørn Arve Lunde får folket med seg til å byggja båt, norske flagg viser veg til den norske landsbyen.




>>

FOR Å SJÅ OG FOTOGRAFERA, for tv- og radio-intervju, men også for å delta. Ein eldre gråsprengt herremann er den ivrigaste av alle, saman med unge guitar - og nokre jenter som kastar seg ut i båtbygginga med liv og lyst. Instruert på «Lunde-fransk» av Bjørn Arve, ispedd engelsk og nokre norske glosor når iveren blir stor nok.

- Dette er kulturformidling av beste slag, slår Johanne Øvstebø Tvedten fast. Den ferske styraren ved Sunnhordland Museum blir sjølv smitta av den entusiasmen og den interessante båtbyggjarprosjektet deira blir møtt med. Heime har elevar i hundretal fått oppleva korleis det er å byggja ein færing i mindre skala. No er det franskmenn som let seg begeistra.

- Det å få laga sine eigne nøkkelringar gjev ei god kjensle av meistring. Mange av dei som er i aksjon her har knapt halde i ein kniv, seier Brynjær Stautland.



Hallgeir Bjørnevik i oselvarverkstaden ror, Trine Hjertholm frå Stord er mannskap, og jammen treff dei ikkje på sjølvaste «Roald Amundsen» i hamna i Brest.

Ein pust på kaikanten for Brynjar Stautland, Bømlø (t.v.), Johanne Øvstebø Tvedten og Bjørn Arve Lunde, Stord, og Helen Petersen, Kvinnherad.



«Faxsen» frå Bodø har ein 50 hk Rubb i maskinrommet.



Vietnam var eitt av landa som fekk eigen «landsby» i Brest, festivalen som trekkjer ein stad mellom ein og to millionar besøkjande.



Madagaskar lokka med musikk og dans.

NOREG ER EIN AV FIRE NASJONAR som er inviterte til å vera hovudutstillerar i Brest, ein by nok mindre enn Bergen i folketal. Og sjølv om Torgdagen i Bergen kan vera eit folkevrimmel utan like, bleiknar det mot det som skjer i det franske. Det er tider då du blir dregen med straumen gjennom festivalområdet, utan sjanse til å staka ut eigen kurs. Vietnam er her, det same er Madagaskar. Den spanske regionen Galicia er også rekna med blant gjestenasjonane. Heilt andre båttypar enn dei norske, men med informasjon og vilje til å visa fram det beste av flytande farkostar og med appell til mogelege turistar som skal bli lokka av fargerike brosjyrar.

FORBUNDET KYSTEN regisserer det norske opplegget, og ved kai ligg den gamle hurtigruta «Ragnvald Jarl» no «Sjøkurs», som base for ein stor norsk contingent. Men her er ei rekkje andre båtar på plass. Ved kai ligg den gamle fiskebåten «Faxsen» og lagar godlyd med sin 50 hk Rubb på den norske dagen. På land står den unike Halsnøybåten, med familien Eide som stolt vertskap. Johannes G. Eide og kona Aud har



Atle Tellnes var med og starta Smedholmen Kyst og Naturlivskule i Fitjar. I Brest blei han imponert over den blømende kystkulturen.



Kjell Magnus Økland er flittig kappseglar med oselvaren «Ola Dilt», og skriv bok om båttypen.

Oselvaren «Ola Dilt» med tysnesingen Kjell Magnus Økland som skipper ligg med ripa i vatnet, ein nordlandsbåt for fulle segl er med og set farge på den norske dagen i Brest, og det er tett mellom farcostane på festivalen som blir arrangert kvart fjerde år.

brukt bil den lange vegen frå Halsnøy til Brest, heilt sørvest i Bretagne, der været minner meir om det ein finn på heimlege trakter enn det som er vanleg i solvarme Frankrike.

– Det er fantastisk å sjå den interessante folk viser for båten vår. Folk luktar og kjenner, spør kva slags tresortar båten er bygd av, og saumfer båten. Berre så synd me ikkje kan fransk, så det blir vanskeleg å svara på alle spørsmåla, seier Eide. Med i reisefølgjet på 12 er både barn og barnebarn. T-skjorter med motivet Halsnøybåten går unna, noko tregare med loddsalet.

PÅ NABOSTANDEN ER DET ANDRE frå Kvinnherad i aksjon. Gunn Jorunn og Jan Steinsland, sistnemnde leiar i Kvinnherad kystlag, demonstrerer korleis ein lagar bastatog av lind. Dei blir akkompagnerte av øksehogg utført av Hallgeir Bjørnevik. Ein splitter ny oselvar står rigga med segl og haustar imponerte blikk. Tysnesingen Kjell Magnus Økland sin konkurransebåt «Ola Dilt» frå 1935 det same. På den norske dagen er båtane sjølvsagt på sjøen, i frisk havbris tråklar dei seg mellom flåten av andre båtar. Over 2.200 seglbåtar pyntar hamna og den smale bukta som omkransar hamna, eit syn som kan ta pusten frå nokon og kvar.

– Båten eg no har hatt den gleda av å eiga i 12 år, blei bygd av den kjende båtbyggjaren Nicolai Søvik i Lysefjorden i Os. Den første eigaren var ein distriktsleige på Tysnes som blei teken til fange av tyskarane og seinare skoten. Så båten er eit krigsminne for enkelte. Eg kjøpte båten av Bjørn Helge Epland, lærar på Tysnes, og deltek i ein del konkurransar med «Ola Dilt», seier Økland, som så oftast er å finna på toppen av resultatlista med sin bermudarigga skarpe seglar.

I BREST BLEI DET Å VISA FRAM båten i mylderet av andre. Og Kjell Magnus Økland slo eit slag for oselevaren og tradisjonar knytte til båtbygging så ofte han kunne. Så er han også i full sving med å laga ei omfat-

tande dokumentarisk bok om denne båttypen, eit prosjekt som nærmast seg mål etter fire års arbeid.

– Eg er veldig oppteken av at me har kompetente brukarar av tradisjonsbåten. Dei som lagar båtane må få tilbakemelding av kvalifiserte brukarar, elles vil utviklinga stagnera og viktig kunnskap forsvinna. Eg meiner også kunnskap og bruk av ein slik båt i større grad må inn i skulen. Her kan ein fylla timeplanen med alt fra matematikk og fysikk til biologi og kroppsøving, med utgangspunkt i ein båt, seier den ivrige tysnesingen.

Det er naturleg nok tett mellom dei norske i den norske landsbyen på kaikanten i Brest. Dei fleste med som deltakarar eller følgje, men nokre tekturen av pur interesse for båt og kystkultur. Atle Tellnes var i si tid med å starta Smedholmen Kyst og Naturlivskule, tilbake i 1976. I dag er han lærar på Åsane folkehøgskule, friluftsline, og i sving med nye kystkulturprosjekt i Nordhordland.

– DET SOM SLÅR MEG når eg er her, og på andre treff der kystfolket samlast, er den store oppblomstringa av aktivitetar som har skjedd langs heile kysten dei siste åra. Me finn ei rekke gode døme på festivalen i Brest, og på mange tilskipingar rundt om i vårt eige land. Det er fantastisk å sjå og oppleva, og gjengen frå Sunnhordland gjer ein flott jobb her, skryt Tellnes.

Og at mange har fått auga opp for aktivitetane knytta til «Eg byggjer meg ein båt» blir stadfesta ved invitasjonen gjengen frå Sunnhordland Museum alt har fått. – Me fekk besøk frå ein skotsk delegasjon som har sin båtfestival med aktivitetar for ungjar, dei inviterte oss til Skottland neste sommar. Ei konkret og hyggeleg tilbakemelding, seier Johanne Øvstebø Tvedten i det festivalen i dagane 11. - 17. juli er i ferd med å runda av. – Det har vore travelt, men utruleg kjekt.



Jan Steinsland, leiar i Kvinnherad kystlag, lagar tau av lindebast saman med kona Gunn Jorunn. Det er tredje gongen dei er på den maritime festivalen i Brest.